

Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 Austrheim

AUSTRHEIM KOMMUNE	
12 OKT. 2012	
Saksnr.: 12/862	Saksh.: JCC
J.nr.: 6179-1	Arkiv: F39
Kopi:	

Postadresse:  
Postboks 159  
Sandviken  
5812 Bergen

Besøksadresse:  
Sandbrogaten  
5/7

Internett:  
[www.imdi.no](http://www.imdi.no)

E-post:  
[post@imdi.no](mailto:post@imdi.no)

Sentralbord:  
24 16 88 00

Telefaks:  
24 16 88 01

Org.nr:  
987 879 696

Bankkonto:  
7694.05.12693

DERES REF

VÅR REF  
beb

DATO  
05.10.2012

### Busetting av flyktningar: Oppmoding om busetting 2012 - 2014

Austrheim kommune har ikkje vorte oppmoda om busetting av flyktningar i 2012. På bakgrunn av eit auka busettingsbehov ynskjer IMDi no likevel å be Austrheim om å ta imot flyktningar. For heile 2012 er det eit behov for om lag 7 500 kommune plassar til busetting, medan det ved utgangen av juli framleis var eit underskot på om lag 1 500 plassar. For 2013 er behovet er på 9 200 plassar.

På grunn av det auka busettingsbehovet, vil IMDi oppmode Austrheim kommune om å busette 30 flyktningar i perioden 2012-2014.

Tala for oppmodinga til Austrheim kommune er framkome i samarbeid med KS.

Nasjonalt utval for mottak og busetting tilrår kommunen å planlegge for eit visst tal familieinnvandra, i tillegg til talet kommunen vert oppmoda om å busette.

For å kunne planlegge busettingsarbeidet i resten av 2012 og i 2013, ber vi om at kommunen svarar på denne oppmodinga om busetting **innan 30. november 2012**. Vi ber om at vedtaket vert sendt på e-post til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) med kopi til KS v/Nina Gran; [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no).

Ta kontakt med Ragnhild Aasvang, [raa@imdi.no](mailto:raa@imdi.no); tlf.nr: 458 64 439 i IMDi Vest dersom de ynskjer meir informasjon eller dialog kring denne oppmodinga.

Nedanfor vert det gjort greie for bakgrunnen for oppmodinga.

Personar som er innvilga opphaldsløyve etter søknad om asyl/beskyttelse og overføringsflyktningar, vert som hovudregel busett etter avtale med kommunane. IMDi har ansvaret for å finne busettingskommunar til desse.

Hovudårsaka til auka i talet på flyktningar som skal busettast, er at ein større del av asylsøkjjarane som kjem til Noreg har eit reelt behov for beskyttelse og fyl vilkåra for flyktningstatus. Samtidig byggjer UDI ned restansar ved å fatte fleire vedtak raskare. Talet på busettingsklare flyktningar i dei statlige mottaka er difor i ferd med å auke. Medan einslege mindreårige vert busett raskare enn tidlegare, er ikkje tempoet i busettinga høgt nok for det auka talet vaksne flyktningar i mottaka. Lang ventetid på busetting i ein kommune har store menneskelege og økonomiske kostnader.

Basert på prognosar over kor mange flyktningar det er behov for å busette kommande år, fastset eit nasjonalt utval frå stat og kommunesektoren kor mange flyktningar kommunane totalt skal oppmodast om å busette. Derneft avgjer IMDi i samråd med KS kven som skal oppmodast om busetting av kor mange flyktningar. Den enkelte kommune fattar sjølv vedtak om kor mange flyktningar som skal busettast. IMDi på si side finn ein eigna kommune for den enkelte flyktning innafor dei disponible kommuneplassane.

Nasjonalt utval for mottak og busetting bestemte i mai 2011 at måлтаlet for busetting av flyktningar i 2012 skulle vere 6 700. Kommunane hadde medio april 2012 fatta vedtak om ca. 5 500 kommuneplassar, kor av 280 plassar for einslege mindreårige. Samstundes syner dei siste prognosane fra UDI at det er behov for å busette fleire personar enn tidlegare venta. I april 2012 vart difor måлтаlet for busetting i 2012 justert opp frå 6 700 til 7 300 personar, kor av 470 einslege mindreårige. For at alle skal verte busett, er det no naudsynt med om lag 2 000 fleire kommuneplassar i 2012.

Nasjonalt utval for mottak og busetting har ut frå oppdaterte prognosar, slutta at det i 2013 vil vere behov for 9 200 kommuneplassar, kor av 400 plassar for born og unge som kjem til Noreg åleine (einslege mindreårige). Det er grunn til å tru at talet vil vere på om lag same nivå i 2014, som i 2012 og 2013.

Kommunane har dei siste åra gjort ein særst god jobb med å busette flyktningar. Busettinga i kommunane har vore relativt høg tre år på rad, med 6 087 personar i 2009, 5 797 i 2010, og 5 486 i 2011. Busettinga av einslege mindreårige var spesielt høg med 606 personar i 2009, 669 i 2010, og 629 i 2011. I tillegg har talet på familieinnvandra auka.

Busetting av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve, sjølv om talet som skal busettast vil variere frå år til år. Busettingsarbeidet må, på same vis som andre kommunale oppgåver, gå inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal.

Det er eit prinsipp at flyktningar skal busettast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod, her under introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap til dei som vert busett, slik at dei kan kome i arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Noreg sine internasjonale forplikningar inneber å ta imot menneske som er utsett for forfølgning heimlanda sine. Busetting av flyktningar er ikkje berre ei humanitær oppgåve. Flyktningar utgjør óg ein ressurs. Næringslivet i mange kommunar vil ha



behov for meir arbeidskraft i åra som kjem. Gjennom gode kvalifikasjonsprogram kan kommunar skreddarsy kompetanse som arbeidslivet treng.

Ein monaleg del av dei vaksne flyktningane er einslege på busettingstidspunktet, men mange av dei kan ha familie i heimlandet som kan ventast å kome til Noreg raskare enn tidlegare. At fleire flyktningar får familien til landet vil vere positivt for integreringa og kan bidra til utvikling av befolkninga, men kan innebere utfordringar med bustader og kapasitet i kommunane. Prognosen for talet på familieinnvandra er på ca. 2 400 personar i 2012, og desse kjem i tillegg til dei flyktningane kommunane er oppmoda om å busette.


Å finne eigna bustad til busettingsklare flyktningar har i alle år vore ei utfordring for kommunane. Det er viktig at kommunane sine vedtak om busetting vert fulgt opp i bustadplanlegginga, mellom anna med midlar til å framskaffe bustader. Husbanken vil saman med IMDi ha kontakt med kommunen om bustadsløysingar for flyktningar.


Meir utfyllande informasjon om tilskotsordningar, rundskriv med meir i samband med busetting av flyktningar, er lett å finne på IMDi sine heimesider: [www.imdi.no](http://www.imdi.no).

Vi ser fram til eit vidare godt samarbeid med Austrheim kommune!

Med venleg helsing  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Med hilsen  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

  
Bente Blytt  
assisterende regiondirektør

  
Ragnhild Aasvang  
rådgiver